



Dei fem tilsette som går ut i streik: Frå venstre styurar Helene Huse Bjørnebøle, Kjerstin Hjelmeland, Sara Hjelmeland Arnesen, Renate Natås og pedagogisk leiar Hilde Tungesvik Myklebust. (Foto: Grenda)

**Dønhaug gardsbarnehage i Uskedalen er ein av dei private barnehagane som tysdag går ut i streik fordi Regjeringa har lagt fram eit lovforslag som kan komme til å råka desse barnehagane økonomisk. Saka skal avgjerast av Stortinget i juni.**

2.000 medlemmer av interesseorganisasjonen for private barnehagar, PBL, er oppmøida om å protestera kraftig mot fjerning av paragraf 14 i barnehagelova, som handlar om økonomisk likehandsaming av private og offentlege barnehagar.

Regjeringa vil fjerna bestemmelsar om at barn i private barnehagar skal ha like offentlege tilskot.  
- Det set den framtidige kvalitet i barnehagane våre på spel, seier styrar Helene Huse Bjørnebøle til Grenda.

Går forslaget igjennom, forsvinn det statlege, øyremerka tilskotet som også private barnehagar får i dag. Barnehagesektoren skal flyttast til kommuneramma og kommunane kan då sjølv velja om dei vil yta til private barnehagar som blir etablerte etter 2011. Lovendringa vil fjerna dagens ordning med fri etableringsrett.

Huse Bjørnebøle opplyser at barnehagen vil stenga klokka 12 tysdag og halda stengt resten av dagen. Foreldra har uttrykt forståing for streiken fordi dei heller ikkje er interesserte i at kvaliteten i barnehagen skal råkast.

Av Ola Matti Mathisen